

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Odda sjukehus
MØTETIDSPUNKT: 28.05.18 kl. 14.00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Olav Akselsen	Medlem
Kristin Skorpen	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Margareth H. Langebro	Kommunikasjonssjef

SAKLISTE

Sak 26/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 27/18	Godkjenning av protokoll 04.04.18
Sak 28/18	Administrerende direktør si orientering
Sak 29/18	Rapport frå verksemda
Sak 30/18	Langtidsbudsjett 2019 – 2023 med investeringsbudsjett
Sak 31/18	Risikorapportering første tertial

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering

Sak 32/18	Årsrapport 2017 Avvikshandtering pasientrelaterte hendingar	Vedlagt
Sak 33/18	Årsrapport 2017 Tilsetteskader og HMS hendingar	Vedlagt
Sak 35/18	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

Lukka sak

Lov om helseføretak § 26a 2.leddpunkt 2

Sak 34/18	ByggHg2020
-----------	------------

Sak 26/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 30/18 Langtidsbudsjett 2019 – 2023 med investeringsbudsjett blir behandla etter sak 27/18

Sak 34/18 ByggHg2020 blir behandla etter sak 30/18

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 27/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte 04.04.18

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 04.04.18

Sak 30/18 Langtidsbudsjett 2019 – 2023 med investeringsbudsjett

Administrerande direktør innleia i saka og viste til føresetnadar som er belyst i budsjettet. Det vil bli en gradvis reduksjon av årsverk fra 2019 til 2022. Dei første åra etter 2021 vil foretaket budsjettere med negativt resultat.

Følgende dokument ble delt ut i møtet:

- Protokoll frå AMU møte 22.05.18 sak 50/18 Langtidsbudsjett
- Protokoll frå drøfting 15.05.18 Langtidsbudsjett med investeringsbudsjett Helse Fonna 2019 - 2023

Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF behandla i møte den 21.06.17 sak 072/17 B Langtidsbudsjett 2018-2022. Det blei i denne saka fatta vedtak om ny rullering av langtidsbudsjett våren 2018 med sikte på å behandle langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2018.

Helse Vest legg følgjande føringar til grunn for handsaminga av langtidsbudsjettet:

- Helseføretaka rullerar langtidsbudsjettet i perioden januar til mai
- Helse Fonna sitt langtidsbudsjett styrebehandlast 28.05.18
- Føretak som har styrebehandling etter fristen 12.05.18, kan ta atterhald om godkjenning i styret ved oversending til Helse Vest
- Utkast til styresak skal sendast til Helse Vest for gjennomgang og kvalitetssikring av føresetnader og føringar, før denne blir sendt til dei respektive styra
- Langtidsbudsjett for føretaksgruppa blir samanstilt i slutten av mai
- Behandling av langtidsbudsjett for føretaksgruppa i Helse Vest styret den 20.06.18

For å sikre lik tilnærming til langtidsbudsjett ber Helse Vest om at helseføretaka nyttar felles mal for talgrunnlaget og styresak både overfor eige styre og ved rapporteringa til Helse Vest. I budsjettprosessen har føretaket lagt vekt på involvering og forankring i organisasjonen, både av dei med resultatansvar og av tillitsvalde/vernetenesta. Prosessen er gjennomført med fleire behandlingar i klinikkane for å sikre god og bred forankring av dei prioriteringane som er gjort. Helse Vest RHF har hatt langtidsbudsjett 2019-2023 med investeringsbudsjett for Helse Fonna HF til gjennomgang.

I tråd med føresetnader gitt av Helse Vest er alle tal i langtidsbudsjettet uttrykt i 2018 kroneverdi og det er ikkje justert for pris og lønsvekst. Alle endringar i tala er difor basert på reelle endringar, og ikkje prisendringar.

Utgangspunkt for Helse Fonna sitt langtidsbudsjett er noverande opptaksområde og funksjonar. Det kan bli endringar i oppgåvefordelinga mellom føretaka og opptaksområdet i langtidsbudsjettperioden. Som følgje av at føretaket skal gjennomføre store investeringar, har langtidsbudsjettet eit utvida perspektiv på 10 år, dvs. frå 2019-2028.

Forventningane til helsetenestene aukar i takt med velstandsutviklinga i samfunnet og kva som kan behandlast. Det skjer ei stadig utvikling som gir eit gap mellom kva som er forventa, kva som kan behandlast medisinsk og kva ressursar som er til rådighet for helsetenestene. Dette perspektivet må helseføretaket møte med auka fokus på rett medisinsk prioritering og rett ressursbruk.

I planperioden er det venta ein auke i folketalet i Helse Fonna på 3,9 prosent basert på SSB sin framskriving av befolkningstala.

Det er gitt signal om at spesialisthelsetenesta vil ha ein mindre vekst i åra som kjem. Samtidig er det forventa ein befolkningsvekst i perioden der ein stadig større del av befolkninga blir eldre. Etter ei samla vurdering legg Helse Fonna opp til ein årleg vekst på 0,4 prosent i perioden 2019-2021 og 0,5 prosent for åra 2022-2023.

Dei fire kjerneoppgåvene til spesialisthelsetenesta er (jf. § 3-8 i spesialisthelsetenestelova):

- Pasientbehandling
- Utdanning av helsepersonell
- Forsking
- Opplæring av pasientar og pårørande

Ei rekke dokument gir sentrale føringar for utvikling av spesialisthelsetenesta og utarbeiding av langtidsbudsjettet, som til dømes:

- Statsbudsjettet for 2018 gir sentrale overordna føringar og viktige satsingsområde
- Nasjonal helse- og sjukehusplan
- Intensjonane i samhandlingsreforma vil fortsatt gi viktige føringar for omstilling, oppgåve- og funksjonsfordeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta
- Helse 2035 - Helse Vest sitt overordna strategidokument
- Styringsdokumenta til helseføretaka

I femårsperioden vil føretaket arbeide for å:

- Sikre at pasientane får timeavtale i god tid før fristdato

- Sikre god implementering av prioriteringsretteiarar
- Gje alle pasientane timeavtale direkte ved første tilvising/vurdering
- Sikre tilstrekkeleg planleggingshorisont for timetildeling
- Gjennom samhandling bidra til å sikre rett bruk av senger i spesialisthelsetenesta
- Samarbeide tett med primærhelsetenesta om kriterier for tilvisingar til spesialisthelsetenesta og sikre godt samarbeid om kontrollar
- Auke bruk av kommunale øyeblikkeleg hjelp senger
- Forenkle arbeidsprosessar og delta i arbeid med strukturerte elektroniske pasientjournalar.
- Ta i bruk elektroniske løysingar som støttar pasientforløp , arbeidsprosessar og kliniske avgjerder.
- Ta i bruk nye, kvalitetssikre metodar som betrar resultatane av pasientbehandligna og inkludere desse i oppdaterte pasientforløp.
- Arbeide for at det ikkje skal vere korridorpasientar

I langtidsbudsjettet for 2019-2023 er hovudsatsinga vidareutvikling av det polikliniske og ambulante tilbodet ved dei distriktpsikiatriske sentra (DPS) og Barne- og Ungdomspsykiatrien (BUP-feltet). Dette er i tråd med sentrale føringar som peiker på at barn og unge skal prioriterast og at DPSa må utviklast til å bli ein nøkkelstruktur innan psykisk helsevern for vaksne (VOP) og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) .

I løpet av langtidsbudsjett-perioden vil BUP-feltet disponere 19,1% av total-budsjett mot 18,2% i 2018. Innan VOP er styringsmålet ein fordeling mellom DPS og sjukehus på høvevis 60% og 40%. I 2023 vil DPS disponere 56,3% av budsjettet for VOP. Dette er ein auke frå 53,6% i 2018.

Føretaket har inngått lovpålagde avtalar med alle kommunane i opptaksområdet, i tillegg til særavtalar for øyeblikkeleg hjelp døgnopphald i kommunane og følgjeteneste for gravide og fødande med nokre kommunar. Det vil også komme nye særavtalar på utvalde område framover.

Helse Fonna har i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (tidlegare Høgskolen Stord/Haugesund) og alle kommunane i regionen inngått avtale om ei felles forskings- og utviklingseining, FOUSAM. Eininga er sentral i arbeidet med oppfølging av føringane i reforma.

Den medisinsk faglege og teknologiske utviklinga i spesialisthelsetenesta endrar krav til kompetanse, kompetansesamansetjing, hensiktsmessig oppgåvedeling og tverrfagleg samarbeid. Det er kritisk viktig for føretaket at helsepersonell i framtida har kunnskap, ferdigheter og haldningar som gir effektive helsetenester av god kvalitet.

IKT er eit av dei store satsingsområda i helsetenesta både nasjonalt og regionalt. Investeringsnivået stiller krav til helseføretaka, som skal ta i mot og implementera IKT-løysingar. Investeringsnivået gir høgare driftskostnader for helseføretaka i form av drift, forvaltning og avskrivningar. IKT-løysningane vil òg gi gevinstar både på arbeidsprosessar,

pasienttryggleik og bemanning. Det er difor sær viktig å ha eit høgt fokus på gevinstrealisering. Ansvar for gevinstrealisering er lagt til linjeleinga.

I dei næraste åra planlegg ein å implementera mellom anna følgjande IKT-system:

- Alle møter (som har fleire delprosjekter)
- KULE (Kurve og Legemiddel)
- DMA (Digitalt mediearkiv. Overført til FERD)
- FERD (Felles Radiologisystem som inneheld både radiologisk informasjon og radiologiske bilder)
- DIPS Arena med strukturert journaldokumentasjon og prosesstøtte
- LIBRA (Logistikk, Innkjøp, Budsjett, Rekneskap, Anskaffelse)

Føretaket vil framleis ha fokus på å få til ei god «aldersfordeling» på medisinsk teknisk utstyr (MTU) sett opp mot teknikk og metodikk. Samstundes er føretaket opptatt av å forenkle utstyrsparken med likt utstyr for like oppgåver så langt det er mogleg. Dette vil gi gevinstar med tanke på kvalitet, drift og vedlikehald.

I langtidsbudsjettet legg ein til grunn at det i perioden skal gjennomførast naudsynt vedlikehald av dei bygningane kor føretaket har aktivitet.

Med utgangspunkt i driftsbudsjett for 2018, og med auke i rammetilskott og ISF-inntekt legg administrerande direktør fram utkast til driftsbudsjett i langtidsperioden for 2019 – 2028:

Resultatet er sett til 50 millionar kroner i 2019 og aukar opp til 55 millionar kroner i 2020. Etter nybygget ved Haugesund sjukehus er ferdigstilt i 2021, vil kostnadane med renter og avskrivningar auke monaleg. Resultatet er difor justert ned til 4 millionar kroner i 2021 og vidareført på eit lågare nivå i åra ut 10 års perioden. Resultata i langtidsbudsjettet likt kravet frå eigar i brev datert 12.01.18 og på nivå med førre års langtidsbudsjett. Dette er periodisert ut i frå, og samsvarar med, resultata basert på berekraftsanalysen i forprosjektrapporten til ByggHaugesund2020.

Bereevna til å handsama investeringar og lån (EBITDA) aukar i 2022 med 41,4 millionar kroner og 2,0 millionar kroner året etter. Auken kjem av gevinstar med nybygget som er lagt inn med 20 millionar kroner i 2021, 41 millionar kroner i 2022 og med ein ytterleg årleg auke på 4 millionar kroner i 2023. Gevinstane skal tas ut både gjennom auka aktivitetsbaserte inntekter og gjennom reduserte personalkostnader. For å oppnå reduserte personalkostander legg føretaket opp til ein kombinasjon av reduksjon i forbruket av årsverk og løn per årsverk sett i forhold til faktisk forbruk siste året. Auken i EBITDA er nødvendig for å kunne ha tilstrekkelig bæreevne for å møte investeringsbehova i helseføretaket og realisere byggetrinn 2.

Det er lagt inn ein gradvis auke i IKT kostnad til 34,3 millionar kroner i 2023. For å finansiere IKT prosjekta og auka bruk av legemiddel på 9 millionar kroner, legg ein opp til å handtera auka aktivitet i planperioden utan auke i personalkostnadene.

Helse Fonna investerer årleg i bygg, medisinsk teknisk utstyr, IKT og køyretøy. Midlane til investeringar skal sikre at bygga som helseføretaket driftar er forsvarlege og i tråd med

myndighetskrav, og at helse føretaket har naudsynt medisinsk teknisk utstyr for å sikre god pasientbehandling og oppfølging av strategi og styringsdokument.

For å dekke nåverande og framtidige behov for areal og krav til teknisk standard, starta føretaket i januar 2018 utbygging av ny sjukehusblokk ved Haugesund Sjukehus vest for dagens Vestblokk, samt rehabilitering av sengepostar og poliklinikkar.

Helse Fonna ventar å ha ein tilfredsstillande situasjon ved utgangen av 2018 med omsyn til investeringsevne. For å gjennomføra ei drift innanfor resultatkravet som gjeld i budsjettperioden, vil det vere viktig å realisere tiltak og gevinstar med eit nybygg, slik at ein legg eit godt grunnlag for framtidige investeringar.

I statsbudsjettet for 2018 er det gitt eit lån på 50 millionar kroner til ByggHaugesund2020 og ei total låneramme for prosjektet på 1 350 millionar kroner. Med ein lånefinansieringsgrad på 70%, gjev det ei total investeringsramme på 1 928,6 millionar kroner.

Sidan vilkåra for lånefinansiering er endra slik at rentekostnaden med nye lån gir 1 %-poeng høgare rentekostnad enn ved bruk av egen likviditet/kassekreditt, vil Helse Fonna i størst mogeleg grad bruke eigen disponibel likviditet framfor å trekke på lånet. 1.1.2018 var disponibel likviditetsbeholdning på 645,5 millionar kroner, samtidig var disponibelt finansieringsgrunnlag for investeringar 208,6 millionar kroner.

Føretaket har satt av 30 millionar kroner årleg til innkjøp av medisinsk teknisk utstyr (MTU) i perioden og ei auke til 35 millionar kroner i 2024. I tillegg ligg det inne MTU i investeringane for nybygg.

Det er behov for jamleg utskifting av ambulansar og 6,7 millionar kroner er årleg satt av til dette føremålet. I tillegg er det satt av 3,3 millionar kroner årleg til diverse innkjøp og utskifting av tenestebiler som blir brukte til ambulante tenester og reiseverksemd mellom institusjonane i Helse Fonna, og til møteverksemd internt og eksternt. Investeringane i 10 års perioden skal også bidra til å ta ned dei framtidige vedlikehaldskostnadane og redusere vedlikehaldsetterslepet.

Økonomidirektør Jan Håvard Frøyland presenterte Langtidsbudsjett 2019 – 2023 med investeringsbudsjett og svarte ut spørsmål frå styret.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF vedtek langtidsbudsjett 2019-2023 med investeringsbudsjett

Sak 34/18 ByggHg2020

Lukka sak

Lov om helseføretak § 26a 2.leddpunkt 2

U.off. jf Offentleglova § 23, 3. ledd

Oppsummering

Prosjektleder orienterte styret om status byggeprosjekt og vidare prosess. Det ble informert om status byggeprosjekt, støy, støv og rystelsar. Det har ikkje kome klager så langt. Arbeid atkomstplassen og status og vidare prosess for totalentreprise ble det orientert om. I tillegg ble det informert om brukarmedverknad , prosjektstyring og prosjektstyringssystem .

Forslag til vedtak:

Styret i Helse Fonna HF tar månadsrapportering april 2018 for bygg Haugesund til orientering

Sak 28/18 Administrerende direktør si orientering

OPE DEL

1. Rapportering tilsynssaker

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

3. Lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

4. Årsrapport Kvalitetsutvalet i Helse Fonna 2017

Administrerende direktør orienterte kort om rapporten

5. Årsmelding 2017 Arbeidsmiljøutvalet (AMU) Helse Fonna HF

Administrerende direktør orienterte kort om rapporten

6. Årleg melding Brukarutvalet Helse Fonna 2017

Administrerende direktør orienterte kort om rapporten

7. Odda sjukehus, aktivitet

Administrerende direktør gikk gjennom presentasjonen «Sengebruk ved Odda sjukehus»

Styret diskuterte tema og la til punkt 2 i vedtak i sak 28/18

8. ForBedring 2018. Resultat og oppfølging i Helse Fonna

Administrerende direktør orienterte om gjennomført medarbeidarundersøking, resultat for Helse Fonna og plan for oppfølging.

9. Prosess for leing og organisering

Administrerande direktør viste til vedlegg og orienterte om pågåande organisasjon og utviklingsprosess i Helse Fonna.

10. Status for arbeidet med utviklingsplan

Administrerande direktør orienterte om tidsplan vidare prosess for Utviklingsplan Helse Fonna HF og status for høringsprosess.

Administrerande direktør meldte eit notat til sak 28/18

11. Pilot legevakt Voss

Voss og Kvam kommune ønsker å søke Helsedirektoratet om utlyste prosjektmidlar til «Pilot legevaktfeltet Hardanger og Voss». Helse Fonna er invitert til å være med i denne piloten. Administrerande direktør vil få tilsendt ferdigstilt søknad frå Voss kommune og styret blir deretter orientert på neste styremøte.

12. Tilsynssak

Administrerande direktør orienterte styret om gjennomført tilsyn ved AMK Haugesund.

Forslag til vedtak:

1. Styret tek meldingane til orientering
2. Styret ber administrerande direktør vurdere betre utnytting av sengekapasiteten, spesielt ved Odda sjukehus for å handtere eit langvarig høgt tal utskrivingsklare pasientar.

Sak 29/18 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Økonomi

Overskotet i april 2018 var på 1,429 MNOK mot eit budsjettert overskot på 4,361 MNOK. Dette gir eit negativt budsjettavvik på 2,932 MNOK. Inntektene var nærare 8 MNOK lågare enn budsjettert og bidrog vesentleg til avviket i månaden.

Aktivitet

I februar har på føretaksnivå det vore høgare aktivitet på poliklinikkane men lågare aktivitet enn planlagd for døgn- og dagbehandling.

Kvalitet

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 62 dagar. Innan somatikken var ventetida for behandla pasientar 63 dagar (eigarkrav under 60 dagar), innan BUP-feltet 52 dagar (eigarkrav under 35 dagar), innan psykisk helsevern for vaksne 38 dagar (eigarkrav under 40 dagar). Innan rusfeltet er det feilregistrert data for 3 av 15 pasienter som gjer at ein kjem ut med ei ventetid på 144 dagar (eigarkrav under 30 dagar) i styringsportalen. Desse tre pasientane er registrert med ei ventetid over eitt år.

23 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

123 pasientar blei behandla etter fristen gjekk ut i februar. 43 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

Fire av fem av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

Utskrivningsklare pasientar

53 pasientar låg tilsaman 147 døgn i sjukehus etter at dei var melde utskrivningsklare til kommunane. Utskrivningsklare døgn er halvert frå mars månad, men er allikevel blant dei høgaste for april sidan Samhandlingsreforma tok til å virke i 2012.

Korridorpasientar

Det var ingen korridorpasientar i Psykisk helsevern og innan rusområdet. 3.1 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.

Medarbeidar

Sjukefråværet var 7,2 prosent i april

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.
2. Styret er uroa over ventetidene ved BUP Haugesund og ber administrerande direktør sette inn tiltak for å redusere ventetida

Sak 31/18 Risikorapportering første kvartal

Oppsummering

Føretaksgruppa i Helse Vest har, etter pålegg i oppdragsdokument og styringsdokument, sidan 2009 gjennomført regelmessig, systematisk overordna risikostyring. Risikostyringa er gjennomført i tråd med retningslinjer for risikostyring i Helse Vest. Helseføretaka skal rapportere på risiko til føretaksstyret tertialvis, og ved årsslutt gjere greie for arbeidet med risikostyring i årleg melding til Helse Vest RHF.

22 av 29 risikoelement er i gul sone ved rapportering på første tertial.

Sju risikoelement er raude. Eitt av risikoelementa i raud sone gjeld pasienttryggleiksprogrammet - at pasientar ikkje får samstemming av si legemiddelliste ved inn og utskrivning). Eitt gjeld hjerneslag – at pasientane ikkje kjem fort nok direkte til sjukehus. Fire gjeld den gylne regel, at veksten i kostnadar, konsultasjonar og årsverk ikkje er høgare innan psykisk helsevern og TSB enn innafor somatikken. Eitt gjeld korridorpasientar.

Tiltak for å redusere risiko er omtalt i matrisa.

Administrerende direktør vil fortsetje arbeidet med å redusere risiko på dei områda som har for høg risiko. Dei tiltaka som er sett i verk må ha kontinuerleg fokus vidare.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar risikorapportering for første tertial til etterretning

Sak 32/18 Årsrapport 2017 Avvikshandtering pasientrelaterte hendingar

Oppsummering

Administrerende direktør orienterte

Uønskete hendingar og avvik i Helse Fonna blir rapportert i det regionale systemet Synergi. I 2017 blei det registrert totalt 5327 saker, derav ca. 2400 pasientrelaterte, dette er en oppgang frå 2016 med 1100 saker.

Det er i 2017 gjennomført ei oppdatering i Synergi med ny versjon og arbeidsmetodikken for saksbehandlinga er revidert. Dette har medført at omtrentleg 900 pasientrelaterte saker, med eller utan konsekvens, er registrert som forbetningsforslag. Det er òg innført eit nytt nasjonalt klassifiseringssystem for pasientrelaterte hendingar som påverkar klassifiseringa for hendingar i 2017 som saksbehandlast i 2018.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tek saka til orientering

Sak 33/18 Årsrapport 2017 Tilsetteskader og HMS- hendingar

Oppsummering

Administrerende direktør orienterte

Gjennom avvikssystemet Synergi kan vi sjå at det er ein auke i tal melde hendingar tilsetteskader/HMS-hendingar i perioden 2013 – 2017.

Sidan 2013 er talet på meldingar om uønska hending med eller utan konsekvens meir enn dobla. Det gir grunnlag for å seie at meldekulturen er i ei positiv utvikling. Vald og truslar om vald er dei dominerande hendingstypar. På tredjeplass finn vi stikkskadar. Fall, forflytting /løft, kutt, støyt/treff av gjenstand kjem deretter. Slik var det også i fjor.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Sak 24/18 Eventuelt Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2018
2. Internrevisjon av internasjonale samarbeidsprosjekt
3. Rapport internrevisjon samarbeidsprosjekt i utviklingsland
4. Informasjonstryggleik i Helse Vest
5. Gjeld rapportering på krav i styringsdokumentet- legemiddelområdet
6. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 08.02.18
7. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 21.02.18
8. Helikopterplass Haugesund sykehus. Vedtak om fornyet teknisk og operativ godkjenning

Brev frå brukarutvalet i Helse Fonna, datert 13.05.18, til styret i Helse Fonna og administrasjonen i Helse Fonna blei lagt fram for styret.

Administrerande direktør svarer brukarutvalet på vegne av styret.

Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

Ref. Ingebjørg Kismul
28.05.18

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

Nina Budal	Medlem
------------	--------

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------

Olav Akselsen	Medlem
---------------	--------

Kristin Skorpen	Medlem
-----------------	--------